

UTKAST:

Forskrift om satsar for utrekning av grunntilskot til private barnehagar i Giske kommune for 2027

Fastsett av kommunestyret i Giske kommune [dato] med heimel i lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehagar (barnehagelova) §§ [19](#) og [19 a](#) og forskrift 23. mars 2026 nr. 454 om finansiering av private barnehagar (finansieringsforskrifta) [§ 1](#) og [§ 27](#), jf. [§ 6](#).

§ 1. Verkeområde

Forskrifta fastset satsar for utrekning av grunntilskot til private barnehagar i Giske kommune for tilskotsåret 2027.

Forskrifta gjeld for private ordinære barnehagar i kommunen med rett til tilskot etter barnehagelova § 19 første og andre ledd.

§ 2. Satsar for grunntilskot

Ved utrekning av grunntilskot til ordinære private barnehagar skal følgjande satsar per heiltidsplass leggjast til grunn:

- Barn 0–2 år: 293 491,-
 - Barn 3–6 år: 155 095,-
-

§ 3. Utrekningsgrunnlag og atterhald om endringar

Satsane er rekna ut på grunnlag av siste tilgjengelege kommunerekneskap, rekneskapsåret 2025. For ordinære barnehagar er satsane fastsette med utgangspunkt i kommunen sine ordinære driftsutgifter i tilsvarende kommunale barnehagar, med dei frådrag og påslag som følgjer av barnehagelova § 19 a og finansieringsforskrifta.

Foreldrebetaling i kommunale barnehagar er trekt frå utrekningsgrunnlaget.

Satsgrunnlaget er pris- og lønsjustert med kommunal deflator.

Kommunen kan justere satsane dersom:

a) Stortinget vedtek endringar i kommunal deflator

- b) Stortinget vedtek endringar i maksimalpris for foreldrebetaling
- c) kommunen fastset lågare foreldrebetaling enn nasjonal maksimalpris

Justeringar etter første ledd kan gjerast administrativt utan førehandsvarsel, jf. forvaltningslova § 37 fjerde ledd bokstav c. Endra satsar skal kunngjerast og gjerast kjende for private barnehagar utan ugrunna opphald.

§ 4. Dokumentasjon av utrekninga

Utrekninga av satsane skal dokumenterast og gjerast tilgjengeleg på kommunen si nettside.

Dokumentasjonen skal vere utarbeidd i samsvar med gjeldande rettleiing frå KS og Private Barnehagers Landsforbund.

§ 5. Enkeltvedtak om kommunalt tilskot

Denne forskrifta fastset grunnlaget for utrekning av tilskot.

Tilskot til den einskilde private barnehagen skal fastsetjast ved enkeltvedtak, jf. barnehagelova og forvaltningslova.

§ 6. Kunngjering og ikraftsetjing

Forskrifta skal fastsetjast og kunngjerast innan 30. november året før tilskotsåret, jf. overgangsreglar i finansieringsforskrifta [§ 27](#).

Forskrifta gjeld frå 01.01.2027 og gjeld for tilskotsåret 2027.